



**LFN**  
**Landsforeningen**  
**For Nakkeskadde**  
Tilsluttet Norges Handikapforbund  
*En smerte som deles taper sin kraft ...*

Arbeids- og Velferdsdirektoratet  
v/Arbeids- og velferdsdirektøren  
Postboks 5, St.Olavs plass  
0130 OSLO

Dato 31.10.2011

**SPØRSMÅL VEDRØRANDE BRUK AV;  
DIAGNOSESYSTEM, KLASSIFISERING, REGISTRERING  
OG  
REHABILITERINGSTILBUD FOR NAKKESKADDE**

Det er ein kjent problemstilling at pasientar som er blitt utsatt for nakkesleng/nakkeskader er møtt med svært liten forståing og mangelfull kunnskap frå helsetenesta generelt og spesialisthelsetenesta spesielt, med tanke på diagnostisering og behandling av nakkeskader. Mange av våre medlemmar tilbakemelder også at dei møter liten eller ingen forståing frå ulike rehabiliteringssenter som bl.a. skal hjelpe den enkelte til å meistre sin kvardag.

Landsforeninga for Nakkeskadde (LFN) er den største pasientorganisasjonen innanfor denne diagnosegruppa. LFN skal ivareta det enkelte medlem sine interesser, og vi arbeider aktivt i kampen for å fremja eit langt betre helsetilbod for ei diagnosegruppe som er forsømt av norsk helsevesen.

LFN er kjent med at NAV tidlegare har ført statistikk på kor mange som er uføretrygda på grunnlag av whiplash/nakkesleng. Viser konkret til tal frå 2008 (3005) og 2009 (2984) før reform om avklaringspengar kom. Korleis er praksisen med registrering i dag;

1. Føres slike skader under muskel-skjelett eller under nevrologi?
2. Skil ein mellom nakkeslengskader og nakkeskader?
3. Vært det henta inn opplysningar om skadegrad?
4. Bruker man konkrete diagnose frå ICD-10, slik Stortinget gjorde vedtak om i 2009.
5. Kor mange nye uføretrygda blei registrerte kvart år i perioden 2008 -2010?

6. Kor mange nye saker relatert til nakkesleng/nakkeskade blei registrert i 2010. LFN har i eit likelydande brev, retta ein del spørsmål til alle NAV kontor på fylkesnivå. Skal vår pasientorganisasjon få viktig og naudsynt data, er det særskilt viktig at spørsmåla som følgjer under, ikkje vært samordna. Vi spør her kva type avtale NAV fylkeskonor har med ulike rehabiliteringssenter/tilbod.

- blir nakkeskadde tilvist rehabiliteringstilbod som har spesialkunnskap om nakkeskader (vil gjerne få opplyst kva konkrete institusjonar/senter som vært nytta)?

- blir pasienten/brukaren tilvist slike tilbod på grunnlag av diffuse symptom og uavklart diagnose, eller som lekk i eit rehabiliteringsopplegg med konkret diagnose jfr. ICD-10?

- til slutt ynskjer vi å vite om nakkeskadde får tilbod om individuelle rehabiliteringsplaner og eventuelt kven som i hovudsak har koordineringsansvaret for denne.

Det er sær viktig for vår diagnosegruppe å få tilbakemelding på spørsmåla slik at vi skal få ein best mulig oversikt på fylkesnivå.

Med vennlig hilsen

Landsforeningen for Nakkeskadde

Jon Birger Eldevik  
-leder-

Vedlegg: Statistikk frå 2008/2009